

Tabellar for fylkeskommunane

Tabell 1-fk

Tabell 2-fk

Tabell 3-fk

Tabell A-fk

Tabell B-fk

Tabell C-fk

Tabell D-fk

Tabell E-fk

Tabell 1-fk

Rammetilskot til fylkeskommunane 2021

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572, post 60–64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 – *Sum rammetilskot 2021*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2020. Skatteutjamninga er òg ein del av rammetilskotet. Denne skjer gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene ligg føre. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2021 og rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert som ein del av skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning er ikkje klar før i februar 2022 og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot blir derfor først klart i februar 2022.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamning, tilskot med særskild fordeling og overgangsordninga for nytt inntektssystem. Sjå tabell 2-fk for meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet.

Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som eit beløp per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. januar 2020. Satsane for 2020 er justerte opp med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2021.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 298
Troms og Finnmark	1 646

Kolonne 3 – Skjønstilskot (post 64)

Kolonne 3 viser fordelinga av skjønstilskotet til fylkeskommunane for 2021. Departementet føreslår å fordele 332 mill. kroner i ei basisramme til fylkeskommunane, og å halde tilbake 50 mill. kroner innanfor skjønstilskotet til fylkeskommunane til ekstraordinære hendingar o.a. i løpet av budsjettåret (reservepott). Departementet føreslår vidare 1 250 mill. kroner til å dekkje tap i fylkeskommunal kollektivtrafikk under koronapandemien. Midlane blir betalt ut i ratar gjennom året basert på fylkeskommunanes rekneskap og oppdaterte prognosar.

Sjå Prop 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet for ein meir utførleg omtale av skjønstilskotet.

Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2021

Sum av kolonnane 1–3.